

## Møteinnkalling

**Utval:** SOGN REGIONRÅD

**Møtestad:** Hopstock hotell

**Møtedato:** 04.12.2009

**Tid:** 09:00

Eventuelt forfall skal meldast til telefon 57 62 96 14 - Varamedlemmar møter etter nærare avtale.

### Sakliste

- | Saksnr. | Arkivsaksnr.  |
|---------|---|
|         | <b>Tittel</b>   |
| 21/09   | 09/3226-4<br><b>De Heibergske samlinger - Sogn folkemuseum Vidareføring av driftsavtale</b> |
| 22/09   | 09/3225-2<br><b>De Heibergske samlinger - Sogn folkemuseum, val av styremedlem</b>          |
| 23/09   | 09/1817-3<br><b>Årdal kommune - Utmelding frå Sogn regionråd</b>                            |
| 24/09   | 09/2123-2<br><b>Budsjett 2010 Sogn regionråd</b>  |
| 25/09   | 09/3227-1<br><b>Møteplan 2010</b>   |
| 26/09   | 09/839-7<br><b>Orienteringssaker 04.12.2009</b>   |

Sakene er offentleg utlagde på Sogn Regionråd si heimeside [www.sogn.regionraad.no/](http://www.sogn.regionraad.no/)

Sogndal 26.11.09

Jarle Aarvoll  
(leiar)

Arthur Langeland  
-sekr.-

---

Saksh.: Arthur Langeland  
Arkivsak: 09/3226

---

Arkiv: C56

**Saksnr.:** Utval  
21/09 Sogn regionråd

**Møtedato**  
04.12.2009

**Sak** 21/09

**De Heibergske samlinger - Sogn folkemuseum Vidareføring av driftsavtale**

**Tilråding:**

Sogn regionråd rår til at kommunane godkjenner driftsavtalen med De Heiberske Samlinger – Sogn Folkemuseum slik den ligg føre for perioden 2010 til 2014 med fordeling av tilskota etter avtalen punkt 4.

**Vedlegg:**

Utkast til avtale

Notat frå avdelingsdirektør Aage Engesæter dagsett 26.06.09

Notat frå avdelingsdirektør Aage Engesæter dagsett 06.11.09

**Saksutgreiing:**

Leiar av rådmannsgruppa Tore Eriksen har saman med museumsdirektør Åge Engessæter lagt fram et forslag til framhald av avtale mellom De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum og kommunane i Sogn regionråd.

Avtalen byggjer på opprinneleg avtale av 11.03.2000 og fornying av avtalen i 2004. Føremål og bakgrunn for avtalen går fram av museumsdirektøren sitt notat av 26.06.09. Frå 2004 har det vore føresetnaden at avtalen er permanent med justeringar årleg etter kommunal deflator. Driftsnivået kan vurderast kvart 4. år.

Avtalen er samordna gjennom Sogn regionråd, men kvar kommune har sjølv ansvaret for den årlege løyvinga. Kommunane har difor ikkje eit solidarisk ansvar for totalsummen som kjem fram av avtalen. Reduksjon i nivået på løyving frå den einskilde kommune etter føresetnaden i avtalen vil påverke det driftsnivået museet kan driva etter. I notat av 06.11.09 klargjer museumsdirektøren det arbeidet som museet driv for heile regionen.

Avdelingsdirektør Aage Engesæter orienterte rådet om museet og driftsavtalen på rådet sitt møte 4.september i år.

Høyanger har gått ut av avtalen i og med at dei no ikkje er medlem i rådet. Med Høyanger ville driftstilskotet vore om lag kr 130 000 høgare. Det er ikkje kjend om Høyanger deltak i anna museumssamarbeid. Leikanger har dei siste åra betalt ein lågare sum enn det som er føresett i prinsippa for det kommunale tilskotet slik det går fram av notatet dagset 26.06.09 og avtalen pkt. 4.

Avtalen vart handsama i rådmannsmøtet 20.11.09 . Det vart særleg peika på dei føremunar kommunane har med eit aktivt museum i Sogn og vist til det Engesæter skriv i notat av 06.11.09.

Avtalen skal handsamast og underteiknast av den einskilde kommune.

SOGNDAL KOMMUNE - SENTRALARKIVET		
Ark.saks.nr.	Dok.nr.	Saksh.:
09/3226	3	Alw
L.nr.	13689/09	
26 NOV 2009		
Ark.kode P	C56	
Ark.kode S		
Kassasjonsår:	Gradering: 8	

# AVTALE

## MELLOM KOMMUNAR I SOGN OG MUSEA I SOGN OG FJORDANE OM DRIFT AV DE HEIBERGSKE SAMLINGER – SOGN FOLKEMUSEUM

### 1. BAKGRUNN

Denne avtalen avløyser "Avtale mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune og kommunar i Sogn Regionråd om drift av Sogn Folkemuseum" og tilsvarende avtale med Luster kommune, begge frå. 2004.

### 2. DE HEIBERGSKE SAMLINGER – SOGN FOLKEMUSEUM

De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum er ei sjølvvegande stifting. Stiftinga vert gjennom ein avtale drifta som ei avdeling i Musea i Sogn og Fjordane. De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum er regionmuseum for kommunane Aurland, Balestrand, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal. Norsk Reiselivsmuseum i Balestrand er ein del av De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum.

### 2. FØREMÅL

Partane er samde om at dei kommunane i Sogn som soknar til den regionen De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum etter fylkeskommunale planar har ansvar for, skal ta del i driftsfinansieringa av De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum gjennom faste årlege løyvingar.

### 3. FØRESETNADER

- a) Det fylkeskommunale driftstilskotet skal ikkje reduserast som følgje av denne ordninga.
- b) Det kommunale driftstilskot vert overført til Musea i Sogn og Fjordane, som øyremarka midlar til De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum
- b) Dei kommunale driftstilskota skal betalast til museet i starten av kvart budsjettår og disponerast av styret for museet utan andre bindingar enn dei som er gitt i punkt 3 b).

### 4. DEI KOMMUNALE DRIFTSLØYVINGANE

- a) Til saman skal dei kommunale løyvingane utgjera 25% av dei årlege driftsløyvingane frå frå staten og fylkeskommunen, slik desse var i 2000. I 2009 utgjer dette kr 1 292 334. Sidan Høyanger kommune ikkje tek del i avtalen vert dei kommunale løyvingane reduserte med Høyanger sin del, og vert kr 1 162 891.
- b) Dei kommunale løyvingane skal justerast årleg med kommunal deflator (dvs. statsbudsjettet sin vegde pris og lønsvekst.)
- c) Kommunane er samde om å nytta same fordelingsnøkkel som i tidlegare avtale.

Dvs. at vertskommunen Sogndal betalar 25% av det årlege tilskotet, og at dei resterande 75% vert fordelt på kommunane Aurland , Balestrand, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal i høve til folketalet..

Med denne fordelingsnøkkelen, vert løyvingane frå kommunane i 2010 slik: (i 2009 – tal):

**Utgangspunkt for fordeling: Totalløyving minus løyving frå Høyanger, kr 1 162 891. 2009-tal.**

	<b>Folketal 30.6 2009</b>	<b>25% av total</b>	<b>Sum pr. innbyggjar</b>	<b>Løyving</b>
Balestrand	1360		31,4091	42 716
Vik	2797		31,4091	87 851
Leikanger	2177		31,4091	68 378
Sogndal	6975	290 722	31,4091	509 800
Aurland	1683		31,4091	52 862
Lærdal	2206		31,4091	69 288
Årdal	5640		31,4091	177 147
Luster	4930		31,4091	154 847
I alt	27768			1 162 890

## **5. AVTALEN SIN VARIGHEIT**

Partane er innforstått med at denne avtalen konstituerer ei varig ordning. Dersom nokon av partane ynskjer det, kan nivået på driftsløyvingane likevel vurderast kvart 4 år, første gong frå 2014.

Dersom det skjer større økonomiske og/eller strukturelle endringar som påverkar kommunane eller det samla stats- og fylkestilskotet, kan partane be om nye forhandlingar om avtalen.

## **6. AVTALEPARTAR**

Denne avtalen er inngått mellom følgjande partar:

Musea i Sogn og Fjordane, Aurland kommune, Balestrand kommune, Leikanger kommune, Luster kommune, Lærdal kommune, Sogndal kommune, Vik kommune, Årdal kommune.

Avtalen vert gjort gjeldande frå 01.01.2010 under føresetnad av at alle partar har gjort vedtak som godkjenner avtalen. .

Kaupanger/

for ..... kommune

for Musea i Sogn og Fjordane  
De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum

Notat, Aage Engesæter 26.06.2009

## KOMMUNALE DRIFTSTILSKOT TIL DE HEIBERGSKE SAMLINGER – SOGN FOLKEMUSEUM.

Bakgrunnen for ordninga med kommunale driftstilskot til det som tidlegare vart kalla "halvoffentlege museum" går tilbake til 1970-talet, då ein ny statleg museumspolitik vart implementert. Den la hovudansvaret for finansieringa av musea på fylkeskommunar og stat., men opna også for at kommunar skulle yta faste driftstilskot til museum. I åra som følgde vart det hovudregelen i dei fleste delar av landet. I vårt fylke vart ikkje ordninga med kommunale driftstilskot teke opp før på slutten av 1990-talet. I fylkeskommunen sin museumsplan frå 1998 vart dette teke opp, og i åra som følgde gjennomførte fylkeskommunen forhandlingar med alle kommunane i fylket om dette. Sognekommunane var først ute. Det vart forhandla mellom fylkeskommunen og eit utval oppnemnt av Sogn Regionråd. I 2000 vedtok Regionrådet og alle kommunane å slutta seg til avtalen. Avtalen vart sett i vert frå 01.01.2001, og var for fire år.

Kjernen i avtalen var at kommunane forplikta seg til å yta ein årleg sum til drifta av Sogn Folkemuseum som tilsvara 25 % av det samla driftstilskotet museet mottok i 2000. Tilskotet vart fordelt mellom kommunane etter ein nøkkel der vertskommunen Sogndal dekkja 25% av tilskotet. Resten vart fordelt på alle kommunane (også Sogndal) etter folketal. Driftstilskotet skulle kvart år justerast i samsvar med kommunal deflator.

Då den første avtaleperioden nærma seg slutten, gjorde Sogn Regionråd 27. august 2004 slikt samrøystes vedtak:

*Etter ei drøfting rådde rådet til at avtalen mellom kommunane og Sogn folkemuseum vert gjort **permanent**. Rådet gav administrasjonen i oppdrag, saman med dagleg leiar for Sogn folkemuseum, å komme med framlegg om ny avtale på dette grunnlaget."*

Ein ny avtale vart utforma, med same grunnelement som den opphavlege, men med ein vesentleg skilnad, i punkt fem om varigheit, heitte det:

*Partane er innforstått med at denne avtalen konstituerer ei varig ordning. Dersom nokon av partane ynskjer det, kan nivået på driftsløyvingane likevel vurderast kvart 4 år, første gong i 2008. Dersom det skjer større økonomiske og/eller strukturelle endringar som påverkar kommunane eller det samla stats- og fylkestilskotet, kan partane be om nye forhandlingar om avtalen.*

Balestrand kommune betalte på denne tid driftstilskot til Norsk Reiselivsmuseum. Avtalen føresette at når dette ikkje lenger vart gjort, skulle Balestrand betala driftstilskot til De Heibergske Samlinger til liks med dei andre. Etter at reiselivsmuseet vart konsolidert med De Heibergske Samlinger frå 01.01. 2007, har dette skjedd.

Då Høyanger kommune i 2004 melde seg ut av Sogn Regionråd avslutta dei også avtalen om driftstilskot til museet. Kommunen betalar heller ikkje tilskot til noko anna statleg og fylkeskommunalt museum (som den einaste kommunen i fylket, så langt vi veit.). Leikanger kommune vedtok i 2005 å fråvika avtalen og betala eit flatt tilskot på kr 50.000. Det har dei gjort etter denne tid. Alle dei andre kommunane har vedteke avtalen slik den var utforma.

SOGNDAL KOMMUNE - SENTRALARKIVET		
Ar/saksnr.	Dok.nr.	Saksn.:
09/3226	2	AL
L.nr.	13688/09	
26 NOV 2009		
Ark.kode S		C56
Kassasjonsår:	Gradering: §	

Ingen av partane kravde avtalen reforhandla etter fire år, og museet har difor føresett at han held fram på same nivå. som til no.

De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum er no ei sjølvveigande stifting, etablert 01.01.2007 av Historielaget for Sogn (som la seg sjølv ned frå same tidspunkt). Norsk Reiselivsmuseum er også ein del av denne stiftinga.

Tilsvarande avtale – med litt ulik ordlyd – er framforhandla mellom alle dei kulturhistoriske musea i fylket og dei kommunane som kvart museum har ansvar for.

### **Konsolidering av Musea i Sogn og Fjordane.**

14. januar 2009 etablerte eigarane av De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum, Sunnfjord Museum, Kystmuseet i Sogn og Fjordane, Nordfjord folkemuseum, Sogn og Fjordane kunstmuseum, saman med Sogn og Fjordane fylkeskommune stiftinga Musea i Sogn og Fjordane. Samstundes vart driftsansvaret for desse fem musea gjennom avtalar overdrege til den nye stiftinga. Eigarskapen er ikkje endra, stiftinga De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum eig framleis museet, men all økonomi og alt ansvar for drift og vedlikehald er overført til Musea i Sogn og Fjordane. Denne stiftinga har eit styre på 7. Fylkeskommunen oppnemner styreleiar og ein annan styremedlem. Eit eige Råd vél tre styremedlemmer, og dei tilsette vél to styremedlemmer. Rådet sine medlemmer vert valde av fylkeskommunen, regionråda i fylket, vertskommunane for hovudavdelingane (Florø, Førde, Gloppen, Sogndal) og vertskommunane for underavdelingane (Balestrand, Hornindal, Lærdal og Jølster), dei 5 eigarmusea, Høgskulen i Sogn og Fjordane, Biletkunstnarane i Sogn og Fjordane og Norske Kunsthåndverkere Vest-Norge. Kvar av desse har ein medlem i Rådet. På eitt vis kan ein seia at etableringa av Musea i Sogn og Fjordane har svekka kommunane sin innflytelse på styringa av museet. Til styret i stiftinga De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum oppnemner Sogn Regionråd to styremedlemmer, Sogndal kommune ein og Balestrand kommune ein styremedlem. (Til saman er det ni medlemmer i dette styret). Men sidan De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum også var ei stifting før konsolideringa, hadde kommunane heller ikkje då nokon direkte innflytelse på styringa av museet. Kommunane har heller aldri i praksis hatt nokon styringsvilje overfor museet, men har sett på museet som ein fri og uavhengig institusjon, slik det også er føresett i den nasjonale museumspolitikken at dei skal vera.

Etableringa av Musea i Sogn og Fjordane er ein del av ei nasjonal museumsreform, som er føresett å auka kvaliteten i museumsarbeidet, ved å etablere større og meir slagkraftige museumseiningar. Staten har også auka den økonomiske støtten til musea monaleg, som ein del av reforma.

No er såleis De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum ei avdeling av Musea i Sogn og Fjordane. Avdelinga vil stå fram med same namn og same profil som no, og publikum vil i det daglege ikkje merka mykje til den organisatoriske endringa. Alle tilsette ved museet vil behalda arbeidsplassane sine der, og tidlegare museumsdirektør har status som avdelingsdirektør. I konsolideringsprosessen har ein vore svært oppteken av å ta vare på det einskilde museum sin lokale og regionale identitet og tilhøyrgheit. Det er full semje om at dette er avgjerande for at musea skal kunna fylla den samfunnsoppgåva dei er sette til. Det vil i tida som kjem vera like viktig som før for museet å ha god kontakt og god samhandling med kommunane ein skal tena.

Difor ligg det og inne som føresetnad i konsolideringsdokumenta at dei kommunale driftstilskota skal øymerkast den museumsavdelinga som den einskilde kommunen er knytt til. Slik vi ser det, har konsolideringsprosessen og etableringa av Musea i Sogn og Fjordane såleis ikkje ført til endringar som påverkar avtalane om kommunale driftstilskot til De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum.

Nedanfor er sett opp eit oversyn over dei kommunale driftsløyvingane til museet i 2008 og 2009.

	2008	+kommunal deflator 4,5%	2009
Luster kommune	148 075		154 738
Aurland kommune	54 198		56 637
Balestrand kommune	42 050		43 942
Leikanger kommune*	65 890		68 855
	(50 000)		(50 000)
Lærdal	65 201		68 135
Sogndal	510 720		533 702
Vik	87 145		91 066
Årdal	169 257		176 873
Til saman			1 193 948

I samsvar med avtalen vil desse summene bli justert med kommunal deflator når tilskotet for 2010 skal bereknast.

Dei kommunale driftstilskota på knapt 1,2 mill. kroner av eit totalbudsjett på om lag 9.5 mill kroner er svært viktige for museet sin driftsøkonomi. Det var kommunane sitt ynskje at dei kommunale driftstilskota skulle bidra til å auka og forbetra museet sitt tilbod til museet til skuleverket, og det var etter at desse tilskota kom på plass at museet fekk ressursar til å tilsetja eigen museumslektor. Skuletilboda er mykje brukte, og vert sett stor pris på av brukarane. Arbeid for skuleverket har vore, og vil framleis vera, eit satsingsområde for museet.

Vi håpar dette notatet kan vera til hjelp for kommunen i arbeidet med neste års budsjett.

Vi står sjølvsgt til teneste med meir opplysningar om museet, om det er ynskjeleg.

---

\* Leikanger kommune betalar altså no ikkje i samsvar med avtalen, men eit "flatt" tilskot på kr 50 000.. Etter vår vurdering er dette svært uheldig, fordi det skiplar den fordelingsnøkkelen Sogn Regionråd i si tid utarbeidde og som ein var samde om.



SOGNDAL KOMMUNE - SENTRALARKIVET		
Ar/saksnr.	Ø/nr./1.04	Saksh.:
09/3226	1	AL
L.nr.	13687	09
26 NOV 2009		
Ark.kode P		C56
Ark.kode S		
Kassasjonsår:		Gradering: S

## KORT OPPSUMMERING AV DET VIKTIGASTE INNHALDET I ARBEIDET TIL DE HEIBERGSKE SAMLINGER – SOGN FOLKEMUSEUM

Den norske museumspolitikken er basert på at dei offentleg støtta musea skal finansierast gjennom eit spleiselag mellom stat, fylkeskommune og kommunar, i tillegg til at musea skal ha eigeninntening. Det er såleis den generelle museumsdrifta som dei kommunale driftstilskota skal vera med å finansiera, ikkje direkte tenester knytt til den einssilde kommune.. Det følgjande er eit forsøk på ei kort og punktvis oppsummering hovudinnhaldet i museumsdrifta . Ddei fire første punkta utgjer dei viktigaste funksjonane til museet.

1. Museet samlar inn, tek vare på og dokumenterer gjenstandsmateriale (inkludert bygningar) foto og litteratur frå alle sognekommunane. Det vert samla inn minnemateriale og dokumentert arbeidsprosessar. Det vert også drive forskning. Museet er sogningane sin felles hukommelse. I samsvar med nasjonale prioriteringar, fokuserer museet no på vår nære fortid. Dette er den basale museumsfunksjonen. Den er ressurskrevande og han er ikkje alltid like synleg. Det er likevel grunnleggjande arbeid med lang tidshorisont., Utan samlinga og ei forsvarleg samlingsforvaltning vil ikkje museet kunna fylla samfunnsrolla si, korkje no eller for framtidige generasjonar.

Museet formidlar denne samlinga både gjennom faste og skiftande utstillingar, gjennom drift av eit stort friluftsmuseum med mest 40 bygningar frå Sogn. Denne drifta inkluderer drifta av ein museumsgard med tradisjonelle husdyr og driftsmåtar. Museet formidlar også samlinga gjennom søkbar katalogar på internett, både over gjenstandar, bøker og foto. Museet har eit omfattande bibliotek.

Museet fungerer som kunnskapsbase og opplevingsarena for alle sogningar. Det er sogningane som er primærmålgruppa for museet.

2. Museet fungerer som kunnskapsbase og opplevingsarena for born og unge frå heile regionen. Barnehagar og skuleelevar på alle nivå, frå alle sognekommunar besøker museet og får innsyn og oppleving av fortida. Museet legg tilrette museumsbesøka etter barnehagane og skulane sine ynskje, i tillegg til at ein årleg tilbyr spesielle undervisningsopplegg. Denne sida ved verksemda har vore prioritert dei siste åra.. I samsvar med ynskje frå kommunane, nytta vi den auka økonomiske handlefridomen museet fekk då kommunane tok del i finansieringa i 2000 til å tilsetja museumslektor i full fast stilling. Dette gjer at vi no både har mange tilrettelagde skuleopplegg gjennom året, og at dei held høg kvalitet.

3) Museet utgjer ein viktig del av det lokale reiselivet sin infrastruktur. Museet er ein av attraksjonane i Sogn, og er eit viktig beøksmål for turistar. Frå 2007 er også Norsk Reiselivsmuseum i Balestrand ein del De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum. Dette museet er no under oppbygging, og det nye museumsbygget skal stå ferdig til sesongen 2012. Det vil bety ein ny stor turistattraksjon i distriktet.

4. Museet gir kvart år ut Årbok for Sogn, med populærvitskaplege artiklar om historiske emne frå heile Sogn.

5. Museet prøver så langt råd å fungera som samtalepartnerar og rådgivarar for sognekommunane i museumsrelaterte spørsmål.

6. Museet gir råd om restaurering av eldre bygningar, og råd om handsaming og vedlikehald av gjenstandar, både til private og til kommunar.
7. Museet utfører konserveringstenester for folk i heile distriktet, først og fremst ved å frysa gjenstandar i museet sitt spesialanlegg. Dette er ei mykje brukt teneste.
8. Museet har opp gjennom åra teke på seg fleire større registreringsprosjekt, der gjenstandsmateriale har vorte registrert og katalogisert.. Det siste vi har gjort av slikt, er registrering av gjenstandssamlinga tli Bottolv Hov på Styvi gardsmuseum i Nærøyfjorden.
9. Museet driv utlån av gjenstandar til spesielle høve, og leverer foto frå samlingane etter behov.
10. Museet driv jamt prosjekt som involverer kommunar. For tida er vi tungt inne i flere prosjekt i Årdal, m.a. utvikling av digitale forteljingar knytt til den tidlege anleggsperioden.
11. Museet tilbyr spesialopplegg for grupper frå ulike bygder, der ein trekker fram hus og gjenstandar frå samlingane frå den aktuelle bygda..
12. Museet samarbeider med lag og organisasjonar om arrangement og utstillingar, og stiller friluftsområde og hovudbygning til disposisjon for ulike typar arrangement.

Mottokk vi e-post frå

Age Kjusate 06.11.09

---

Saksh.: Arthur Langeland  
Arkivsak: 09/3225

---

Arkiv: C56

**Saksnr.:** Utval  
22/09 Sogn regionråd

**Møtedato**  
04.12.2009

**Sak** 22/09

**De Heibergske samlinger - Sogn folkemuseum, val av styremedlem**

**Tilråding:**

Frå Sogn Regionråd vert desse vald som styremedlemmer for perioden fram til 2011:

Styremedlem:

Vara:

Styremedlem:

Vara:

**Vedlegg:**

**Brev frå De Heibergske Samlingar – Sogn Folkemuseum dagsett 24.11.09**

**Saksutgreiing:**

Det vert vist til brevet frå museet.



**DE HEIBERGSKE SAMLINGER**  
SOGN FOLKEMUSEUM

Balestrand kommune  
v/ ordførar  
Sogndal kommune  
v/ ordførar  
Sogn Regionråd  
v/ regionrådsleiar

SOGNDAL KOMMUNE - SENTRALARKIVET		
Ar/saksnr.	Dok.nr.	Saksh.:
09/3225	1	AL
L.nr.	13685/09	
26 NOV 2009		
Ark.kode P	C56	
Ark.kode S		
Kassasjonsår:	Gradering: 6	

24.11.09

### STIFTINGA DE HEIBERGSKE SAMLINGER – SOGN FOLKEMUSEUM

Ved etableringa av den nye konsoliderte museumsorganisasjonen Musea i Sogn og Fjordane, er stiftinga De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum vorte ein rein eigarorganisasjon, utan driftsansvar og utan driftsøkonomi. Museumskonsolideringa og den avtalen som er inngått mellom De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum (DHS-SF) og Musea i Sogn og Fjordane, reduserte stiftinga DHS-SF sitt ansvarsområde radikalt. Det heiter og i avtalen (punkt 9), at

”Rett etter inngåing av denne avtalen er det føresett at at vedtektene for dei fem musea som inngår i i det konsoliderte museet vert endra, slik at det går fram at drifta ved museet blir overført til det konsoliderte museet. Eigarmusea skal også vurderer om det er føremålstenleg å endre også andre delar av vedtektene.”

Fylkestinget la i sitt vedtak om museumskonsolideringa også inn eit punkt der det heitte: ”Ved omdanning av dagens museumsstyre til eigarstyre, vil fylkeskommunen i prinsippet ikkje oppnemne medlemmer til desse styra.”

Styret for Stiftinga De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum vedtok i møte 16. november nye vedtekter for stiftinga i tråd med desse føringane.

I desse nye vedtektene heiter det at stiftinga skal ha et styre på tre med medlemer, med personlege varamedlemer, som vert valde slik:

- Ein medlem vert vald av Sogn Regionråd
- Ein medlem vert vald av Sogndal kommune
- Ein medlem vert vald av Balestrand kommune.

Styremedlemene vert valde for fire år om gongen. Valperioden følger kommunestyrevalperioden.

På bakgrunn av dette, vil vi be om at det no vert valt styremedlemer med personlege varamedlemer.

Både Sogn Regionråd, Sogndal kommune og Balestrand kommune har valt medlemer til det "gamle" styret for De Heibergske – Samlinger.

For Sogndal kommune er Gjert Heiberg vald som styremedmedlem frå 2007 til 2011, med Eline Orheim som personleg vararepresentant.

For Balestrand kommune er Erland Fagermoen vald som styremedmedlem frå 2007 til 2011, med Synnøve Balevik som vararepresentant.

For Sogn Regionråd er Per Birger Lomheim, med Bjørg G. Hovland som vararepresentant, og Knut O. Aarehun , med Arild Ingar Lægreid som vararepresentant valde for perioden 2005 til 2009.

Vi reknar med at kommunane Sogndal og Balestrand held fram med sine representantar til 2011, og at ein då vél nye for neste fireårsbolk. For Sogn Regionråd sine representantar går funksjonstida for begge ut i 2009, og vi må difor be Sogn Regionråd no vél ein ny representant til styret for De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum, med personleg vararepresentant. Vi vil tru det kan vera naturleg å velja for to år, slik at ein kan koma i rute i forhold til vedtektene frå neste kommunetyrevalperiode.

Vi legg ved dei gamle og dei nye vedtektene for stiftinga.

Om de ynskjer meir informasjon i saka, kan de ta kontakt med underteikna.

Med helsing

Aage Engesæter  
Avdelingsdirektør

Vedlegg:

- Vedtekter, datert 28.04.2008
- Vedtekter, datert 16.11.2009

Kopi:

Gjert Heiberg  
Erland Fagermoen  
Per Birger Lomheim  
Knut O. Aarehun

---

Saksh.: Arthur Langeland  
Arkivsak: 09/1817

---

Arkiv: 026

**Saksnr.: Utval**

13/09 Sogn regionråd

23/09 Sogn regionråd

**Møtedato**

12.06.2009

04.12.2009

**Sak 23/09**

**Årdal kommune - Utmelding frå Sogn regionråd**

**Tilråding:**

Sogn Regionråd vedtek følgjande prinsipp for utbetaling av utløysingssum i samband med Årdal kommune sin uttrede av Sogn Regionråd 1. januar 2010:

Eignelutar/fond i rekneskapet som inngår i utløysingsgrunnlaget:

50 % av Fond Sogn regionråd – diverse prosjekt:

+ 100 % av Fond Sogn regionråd – kontingent

+ 100 % av Fond Sogn regionråd – konferanse

I fråtrekk kjem Årdal kommune sin andel av løyvd tilskot til Njøs Forsøksgard for i 2010 og 2011 for den delen som er finansiert ved kontingent.

Utrekning av utløysingssummen skjer på basis av rekneskapstala til Sogn regionråd pr.31.12.2009.

Utrekning av Årdal kommune sin andel i utløysingsgrunnlaget, skjer i samsvar med fordelingsnøkkel for kontingent for medlemmene etter § 5 i Sogn Regionråd sine vedtekter. Folketal i kommunane pr.31.12.2009 vert lagt til grunn for utrekninga.

Når det gjeld Årdal kommune si vidare deltaking i samarbeidsordningar etablert/drifta i regi av Sogn Regionråd, sluttar Sogn Regionråd seg til dei vurderingar og konklusjonar som er gjort i saksutgreiinga.

Nye medlemmer til faggruppene må takast opp på regionrådet sitt første møte i 2010.

SIMAS må gjere ei vurdering knytt til IKS regelverket når det gjeld samansetting av representantskapen for selskapet.

**Vedlegg:**

Brev frå Årdal kommune dagsett 19.06.09

Kommunelova § 27 nr. 3 uprenta  
Vedtekter i Sogn regionråd uprenta  
Oversyn over fond pr. 31.12.08 uprenta sjå årsmelding for 2008

### **Saksutgreiing:**

#### **Bakgrunn:**

Årdal kommune har meldt seg ut av Sogn regionråd frå 01.01.2010. Rådet har bede tidlegare rådmann i Lærdal, Lasse Sælthun om å førebu saka. Dette er i avslutninga gjort i samråd med mellombels dagleg leiar som kom i funksjon frå november d.å.

Sogn regionråd har opp gjennom åra etablert ei rekkje samarbeidsordningar i regionen. Det ein no første må vurdere er:

- Kva samarbeidsordningar har Årdal kommune rett/plikt til å halde fram som medlemmer av
- Kva samarbeidsordningar er det hensiktsmessig for partane at Årdal kommune held fram i, eventuelt for ein periode
- Dei samarbeidsordningar som ikkje går inn under ovannemnde punkt, er det naturleg at Årdal kommune gå ut av.

Sogn regionråd har eige rekneskap som er del av Sogndal kommune sitt rekneskap. Sogn regionråd sin egenkapital består av ein rekkje fond.

Her må ein vurdere kva del av denne eigenkapitalen/fonda det er naturleg å rekna inn i ein utløysingssum for Årdal kommune og kva fordelingsnøkkel ein skal nytte. Ein må og sjå om det er pliktar Årdal kommune har teke på seg som medlem i Sogn regionråd som kjem til utbetaling etter at Årdal kommune er utmeldt, noko som i så fall vil kome i fråtrekk i utløysingssummen.

Det går ikkje fram av vedtektene til Sogn regionråd korleis ei utmelding økonomisk skal handterast. Kommunelova § 27 nr.3 har likevel reglar om oppgjer ved utmelding som kan vere rettleiande for oppgjeret.

Ein vil her først prøve å systematisere dei ulike samarbeidsordningane i grupper og vil knyte kommentarar og vurderingar til dei spørsmål som er teke opp ovanfor.

### **Eigne rettssubjekt**

Sogn regionråd har teke initiativ og vore med på å etablere følgjande selskap :

SognLab as  
SF Revisjon  
SIMAS

Dette er egne rettssubjekt, der kommunane har eigardel i selskapa anten i form av aksjar eller

innskot. Selskapa har egne vedtekter, generalforsamling og styre og er soleis uavhengige av Sogn Regionråd. Det er også andre eigarar enn medlemmene Sogn regionråd i eitt av desse selskapa.

**Vurdering:**

Utmeldinga har altså ingen direkte verknad på Årdal kommune sin deltaking i desse selskapa.

Det er likevel eit forhold ein må sjå på når det gjeld SIMAS sin selskapsavtale. Etter selskapsavtalen § 3, er det ordførarane i eigarkommunane som er representantskap i SIMAS med varaordførarane som vara. I praksis har dette vorte løyst slik at representantskapsmøta har vore teke opp med eigen innkalling, men på same dag som eit regionrådsmøte. Etter lov om IKS § 6 skal kommunestyret sjølv (understreka her) oppnemne sine representantar i representantskapet i eit IKS. Punktet i selskapsavtalen til SIMAS om at ordførarane er representantskap i IKS-èt er neppe i samsvar med IKS lova § 6 då lova her føreset at kommunestyre sjølv oppnemner ein konkret person i vervet. Her bør det altså uavhengig av Årdal kommune si utmelding, skje ei endring i selskapsavtalen til SIMAS. Dette bør takast opp som eiga sak i samråd med administrasjonen i SIMAS.

**Tilskotsordningar**

**Sogn Folkemuseum**

Kommunane i Sogn regionråd gjev etter avtale eit årleg driftstilskot til Sogn Folkemuseum. Regionrådet handsama avtalen sist i 2004 som tilrådingssak overfor kommunane. Kommunane gjorde så egne vedtak om tilskot.

**Vurdering:**

I og med at desse tilskota er behandla i det einskilde kommunestyre, er kommunane bundne kvar for seg i samsvar med deira vedtak. Her stiller altså Årdal kommune på linje med dei andre kommunane og utmeldinga har ingen verknad på denne plikta. Ny avtale frå 2010 er under førebuing. Årdal handsamar då denne avtalen på vanleg måte i kommunestyret.

**Njøs Forskningstasjon**

Sogn regionråd har gjeve eit tilsegn som gjeld til og med 2011, om årlege tilskot med kr. 100 000,- pr. år til Njøs Forskningstasjon. Dette tilskotet er finansiert med 50 % av kontingentmidlar og 50 % av RUP – midlar (fylkeskommunale tilskot til regionrådet).

**Vurdering:**

Årdal kommune har vore med på vedtaket om tilskot overfor tredjemann og må då vere med på å dekke sin andel for resten av tilskotsperioden. Dette gjeld den delen av tilskotet som er finansiert med kontingent. Ved mogleg vidareføring av tilskotsordninga vil Årdal ikkje vere bunden.



## Vertskommuneavtalar

### **Miljøretta helsevern**

Denne avtalen vart inngått i 29.02.2004 med Sogndal kommune som vertskommune. Dei andre kommunane i Sogn regionråd er deltakarkommunar. Kostnaden med ordninga vert fakturert direkte til deltakarkommunane. Etter pkt. 6 i avtalen er det ein 24 månaders frist for å trekkje seg ut av avtalen. Denne avtalen og fristen er både Sogndal kommune og Årdal kommune bundne av uavhengig av Årdal kommune si utmelding. Årdal kommune kan altså gå ut av avtalen frå 01.01.2012 under føresetnad av utmelding innan nyttår. Likeeins kan Sogndal kommune seie opp avtalen med tilsvarende varsel. Det må her nemnast at det ligg ein klausul i avtalen om at dei andre deltakarkommunane skal ha varsel om slik utmelding og har då ein månads frist til å melde frå om dei og vil gå ut av ordninga.

### **Arbeidsgjevarkontroll**

Denne avtalen vart inngått i 12.01.1999 med Årdal kommune som vertskommune. Alle kommunane i Sogn regionråd er i dag deltakarkommunar samt at Høyanger kommune framleis deltek i ordninga. Kostnaden med ordninga vert fakturert direkte til deltakarkommunane. Etter pkt. 9 i avtalen er det ein 2 års frist for å trekkje seg ut. Denne avtalen og fristen er både dei andre kommunane og Årdal kommune bundne av uavhengig av Årdal kommune si utmelding. Årdal kommune eller dei andre kommunane kan altså gå ut av avtalen frå 01.01.2012 under føresetnad av utmelding innan nyttår. Det er i denne avtalen ikkje klausul i om at dei andre deltakarkommunane skal ha varsel slik som i avtalen om Miljøretta helsevern.

### **Vurdering:**

Initiativet til å etablere desse ordningane er i si tid kome frå Sogn Regionråd, men desse ordningane har stort sett levd sitt eige liv uavhengig av både regionrådet og rådmannsgruppa. Drift av desse ordningane er basert på faste møte mellom leiarane i ordningane og fagansvarleg i kommunane, altså kommunelege og rekneskapsjef/skatteoppkrevjar. Saker som gjeld utvikling og fornying av avtalane, har likevel frå tid til anna vore oppe i rådmannsgruppa. Ein finn likevel ikkje at Årdal kommune si utmelding i seg sjølv skulle tilseie opphøyr av desse avtalane.

## Avtaler med eksterne

Dette gjeld :

GIS/LINE – avtale med Norkart Geoservice  
 Sekretariat for kontrollutvala  
 Kontrollør etter alkohollova  
 Forsikringavtalar meglar/selskap  
 Sogn og Fjordane Felles Innkjøp (SFFI)

Alle desse avtalene med unntak av Felles innkjøp har sitt grunnlag i forhandlingar/anbod i regi av regionrådet. Avtalane er likevel inngått direkte mellom den einskilde kommune og

leverandør og tenestene vert fakturert direkte frå leverandør til den einsskilte kommune. Høyanger kommune er med på avtalen om kontroll etter alkohollova og sekretariat for kontrollutvala.

### **Vurdering**

Årdal kommune er bunden til avtalene så lenge avtalane gjeld. Initiativet til å etablere ordninga og oppfølginga av avtalane har i all hovudsak lege til rådmannsgruppa. Det har vore ein stor føremun å kunne nytte kompetansen i SFFI og soleis spare eigne ressursar på dette arbeidet. Det er rådmannsgruppa som i samarbeid med SFFI som tek initiativet/deltek i gjennomføringa av anbodsrundar når avtalane går ut eller skal reforhandlast. At Høyanger kommune har vore med på nokre av desse ordningane, etter dei gjekk ut av Sogn Regionråd, har vore noko upraktisk og skapt ein del ekstraarbeid i prosessane. Desse sakene vert jo vanlegvis teke opp og drøfta i rådmannsmøta. I og med at Årdal kommune no går ut av rådmannsgruppa, finn ein at det ikkje er hensiktsmessig å ha to kommunar som ikkje lenger er med i Sogn Regionråd med på desse anbodsrundane. Det er ein føremun å ha flest mogleg deltakarar med på anbodsrundar for å få best mogleg pris. Det kan difor vere aktuelt for Sogn Regionråd ved enkelte tilbodsrundar å knytte til seg eksterne offentlege aktørar som deltakarar. Her må likevel Høyanger kommune og Årdal kommune stille på linje med andre.

Når det gjeld bistand som den einsskilte kommune får hjå SFFI, var dette tidlegare basert på ein avtale om at Sogn Regionråd dekkja ½ stilling ved Innkjøpstenesta. Sogn Regionråd vart fakturert for denne tenesta og kostnadene vart lagt inn i kontingenten. Dette er no vorte ei teneste som Innkjøpstenesta tilbyr alle kommunane i Sogn og Fjordane og deltakande kommunar vert direkte fakturert. Det opp til Årdal kommune om dei vil halde fram i denne ordninga.

### **Avtalar med Fylkeskommunen**

Dette gjeld :

Norsk Helsenet – tilleggsavtale med SFFK  
SOFIE (skattenett) – tilleggsavtale med SFFK  
Drift av GIS-løysing - avtale med SFFK  
Drift av Kommunenett - avtale med SFFK

Alle desse avtalane er inngått direkte mellom fylkeskommunen og Sogn regionråd og fakturering skjer til Sogn Regionråd som fordeler utgiftene på kommunane anten i samband med fakturering av kontingent eller i eigne faktura.

### **Vurdering**

I og med at dette er avtalar som fullt ut vert drifta og følgd opp av Sogn regionråd, vil Årdal kommune automatisk gå ut av desse ordningane når dei ikkje lenger er medlemmer i Sogn regionråd. Det må likevel leggest opp til praktiske avslutningar for Årdal, t.d. at dei held fram i ein overgangsfase.

### **Prosjekt**

Dette gjeld:  
Sats på skulen – snu Sogn  
Skuleregion Sogn  
GIS  
Regionalt ungdomsnettverk  
Breibandutbygging  
IKT - faggruppa

Alle disse prosjekta vert finansiert og drifta av Sogn regionråd dels med kontingentmidlar, dels med tilskotsmidlar frå stat/fylkeskommune. Det er ein tilsett Sats på skulen – snu Sogn og ein tilsett i delstilling i Skuleregion Sogn. GIS - koordinator er innleigd frå Vik kommune med årlege refusjonar, avtalen går fram til 31.12.2010. Dei tilsette er personalmessig tilknytt leiinga i Sogn regionråd og tilsetjingane er tidsavgrensa i samsvar med prosjektperioden.

### **Vurdering:**

På same måte som nemnd ovanfor, har rådmannsgruppa hatt ein kontroll- og oppfølgingsfunksjon for alle disse prosjekta. Både av denne grunn og at prosjekta vert finansiert og drifta av Sogn regionråd, må utgangspunktet vere at Årdal kommune går ut av desse ordningane frå 01.01.2010.

Prosjektperioden for Sats på skulen – snu Sogn, er vedteke og finansiert fram til 01.10.2010. Vidareføring av prosjektet er avhengig av at det vert løyvd ytterlegare statlege midlar til prosjektet. I og med at ein er inne i sluttfasen av denne delen av prosjektet, bør Årdal kommune oppretthalde si deltaking i prosjektet fram til 01.10.2010. Årdal kommune må då innkallast til dei møter der denne saka er behandla i rådet og rådmannsgruppa. Det er det derimot ikkje naturleg at Årdal kommune er med i prosjektet utover dette tidspunkt.

Breibandutbygging er vel no fullført i mange kommunar. Det er difor naturleg å avslutta dette som eit regionrådsprosjekt. Vidare forhold den einskilde kommune seg direkte til fylkeskommunen/IT-forum ved søknader om slike midlar.

### **Nettverk der Sogn regionråd er medlemmer:**

Breibandforum  
IKT Helsenettverk  
IKT Skulenettverk

### **Vurdering:**

I den grad Årdal kommune er representert i slike grupper på vegne av Sogn regionråd, vert desse erstatta med nye medlemmer.

### **Økonomi:**

Sogn Regionråd sin egenkapital består i ein rekke fond som i hovudsak er statlege/fylkeskommunale midlar som Sogn Regionråd har søkt på til ulike prosjekt og overskot av medlemskontingent. Det vart ikkje gjort noko eige innskot frå kommunane når Sogn regionråd vart etablert. Sogn regionråd har heller ikkje eignelutar i og med at dei leiger lokale og utstyr hjå Sogndal kommune. Sogn regionråd har ikkje gjeld, men har bunde seg til å løyve tilskot for framtidige år som slikt sett er ei form for gjeld. Etter kommunelova § 27 nr. 3 skal utløyingssummen fastsetjast til andelen sin nettoverdi, men ikkje meir enn verdien av dei midlar kommunen har skote inn. Utrekninga av utløyingssummen tek utgangspunkt i midlar som er opptent ved innbetalingar frå deltakarane, ikkje innbetalingar frå statlege/fylkeskommunale midlar som gjeld dekning av utgifter til ulike prosjekt.

I rekneskapet for 2008 eig regionrådet samla 11 fond. Etter det ein kan sjå er 3 av fonda heilt eller delvis opptent ved innbetalingar frå kommunane/eigeninnsats, dei andre fonda er opptent med statlege/fylkeskommunale innbetalingar til prosjekt som er gjennomførte eller er under gjennomføring. Dette er stort sett prosjekt der midlane vert nytta i 2009 og prosjekta skal enten avsluttast, eller det skal søkjast om nye midlar for vidareføring. Ein vil her presisere at ein ikkje har teke ein full gjennomgang av alle innbetalingar som har skjedd til fonda, men sett på føremåla med fonda.

Det vert ikkje trekt frå fonda i driftsåret før i samband med rekneskapsavslutninga. Dei reelle tal for fonda vil då ikkje vera klare før i januar-februar 2010.

Dei tre fonda som er finansierte ved eigenbetalingar/eigeninnsats er:

#### Fond Sogn regionråd – diverse prosjekt:

Dette er overskot i frå RUP (regional utviklingsplan). Her er det bokført innestående kr. 764 000,- i rekneskapet for 2008. Desse midlane er i utgangspunktet opptent med 50 % fylkeskommunale midlar og 50 % av kontingent. 50 % av desse midlane vert difor teke inn i grunnlaget for utløyingssummen.

#### Fond Sogn regionråd – kontingent

Dette gjeld opparbeidd overskot frå kontingent. Her er det bokført kr. 948 000,- i rekneskapet for 2008. Desse midlane er difor lagt inn i grunnlaget.

#### Fond Sogn regionråd – konferanse

Dette gjeld opparbeidd overskot etter landskonferansen i Balestrand som i tillegg til innleidde forelesarar vart basert på eigeninnsats. Her er det bokført kr. 53 000,- i rekneskapet for 2008. Desse midlane er difor lagt inn i grunnlaget.

Eit stort fond er Sogn regionråd – skule - bokført til kr. 1 388 000,- i rekneskapet for 2008. Dette gjeld midlar til fullføring av Sats på skulen – snu Sogn. Desse midlane finansierer prosjektet fram til 01.10.2010. Dersom Årdal kommune deltek i prosjektet fram til 01.10.2010 som det er gjort framlegg om ovanfor, vil dei altså nyte godt av desse midlane fullt ut.

Dersom ein legg følgjande prinsipp til grunn, vert grunnlaget for utløyingssummen slik:

50 % av Fond Sogn regionråd – diverse prosjekt:

- + 100 % av Fond Sogn regionråd – kontingent
- + 100 % av Fond Sogn regionråd – konferanse

Desse vil etter rekneskapen for 2008 utgjere kr. 1 383 000.

I fråtrekk kjem Årdal kommune sin andel i tilskotet til Njøs Forsøksgard i 2010 og 2011 for den delen som er finansiert ved kontingent, jf. ovanfor.

Når det gjeld kva fordelingsnøkkel ein skal nytte i grunnlaget, bør ei fordeling i samsvar med utrekning av kontingent etter § 5 i vedtektene nyttast, ved at halve summen vert fordelt likt, medan halve summen vert fordelt etter innbyggjartal.

Grunnlag for fastsetting av utløysingssummen må skje på basis av rekneskapstala/folketala pr. 31.12.2009. Endeleg storleik på utløysingssummen vert altså ikkje klar for utbetaling før etter rekneskapet for Sogn Regionråd er godkjent våren 2010. Årdal som deltakarkommune i dette driftsåret må og kommentera rekneskapen og årsmeldinga.

Lærdal 22.11.09

Lasse Sælthun

Sogndal 23.11.09

Arthur Langeland  
dagleg leiar



# Årdal kommune

Rådmann

Sogn regionråd  
Postboks 153

6851 SOGNDAL

SOGNDAL KOMMUNE - SENTRALARKIVET		
Ar/saksnr.	Dok.nr.	Saksh.:
09/1817	2	KAN
L.nr. 8181/09		
23 JUN 2009		
Ark.kode P	026	
Ark.kode S		
Kassasjonsår:	Gradering: §	

Vår ref.  
08/1799-9

Dykkar ref.

Sakshandsamar  
Ingvar Laberg

Direktenr  
57 66 50 10

Arkiv  
K1-130, K3-&85


Dato:  
19.06.2009

## Utmelding frå Sogn regionråd

Vedlagt følgjer særutskrift frå møte i Årdal kommunestyre den 18.06. 2009, sak 038/09  
Medlemskap i Sogn regionråd.

Vi syner til pkt 2 i vedtaket og melder frå om at vi vil ta kontakt med leiaren og dagleg leiar i rådet etter sommarferien for å avklare korleis utmeldinga kan gjennomførast på ein greiast mogleg måte.

Med helsing  
**Årdal kommune**

  
Ingvar Laberg

Rådmann

57 66 50 10

ingvar.laberg@ardal.kommune.no

Postadr.:  
Årdal kommune  
Postboks 40  
6881 Årdaistangen

Telefon: 57 66 50 00  
Telefaks: 57 66 50 15

Bankgiro:  
3730.07.00153

Org.nr  
954 679 721

E post:  
postmottak@ardal.kommune.no

Heimeside  
www.ardal.kommune.no

---

Saksh.: Arthur Langeland  
Arkivsak: 09/2123

---

Arkiv: 145

**Saksnr.: Utval**  
16/09 Sogn regionråd  
24/09 Sogn regionråd

**Møtedato**  
04.09.2009  
04.12.2009

**Sak 24/09**

### **Budsjett 2010 Sogn regionråd**

#### **Tilråding:**

Sogn regionråd vedtek budsjettet for 2010 slik den ligg føre.

#### **Vedlegg:**

Budsjettframlegg for 2010

#### **Saksutgreiing**

Sogn regionråd vedtok budsjetttramma for 2010 i regionrådsmøtet 4. september. I framlegg til budsjett er det gjort følgjande endringar:

- Utgifter for løn og kontorleige er justert med deflator på 3,1% og avtaler om kommunenett, GIS-løysing mv er justert med prisvekst 1,75%, jf føringar i statsbudsjettet
- Skuleprosjektet er styrka med kr 100 000 grunna tilskot frå departementet. Budsjettet for skuleprosjektet utgjer totalt kr 1 660 000 (inkl. regionleiarfunksjonen).
- Leidangprosjektet er teke ut som regionalt utviklingsprosjekt og er overført til frie midlar som utgjer kr 310 000.

Totalt budsjett for Sogn regionråd utgjer etter dette kr 4 257 000. Det er budsjettert med eksterne inntekter kr 1 960 000, og kontingent og fondsmidlar kr 2 297 000.

Finanseringsplanen viser fordelinga over regionale utviklingsmidlar, andre tilskot og kontingent.

## Framlegg til budsjett for Sogn regionråd for 2010

Divspes	Namn divspes	Konto	Konto (T)	Budsjett 2009	Budsjett 2010
	Drift sekretariat	10100	Løn faste stillingar	590 000	610 000
		10900	Arbeidsgjevaravgift		
		10990	Pensjonspremie – klp		
		11002	Abonnementer	3 000	2 000
		11003	Faglitteratur	3 000	2 000
		11300	Mobiltelefon, abb. og samtale, personsøker	3 000	3 000
		11301	Databehandling, drift/ vedlikehold		
		11401	Andre annonser	6 000	4 000
		11403	Representasjon og møteutgifter	10 000	10 000
		11500	Kurs og konferanser	20 000	15 000
		11704	Reiseutgifter –tilsette (ikkje oppg.pl)	20 000	15 000
		12002	Datautstyr/ programvare	5 000	5 000
		12900	Husleie, telefon, pc, datatilgang, arkiv mv	136 000	215 000
			<b>Sum drift av sekretariatet</b>	<b>796 000</b>	<b>881 000</b>

7502	Drift regionråd	11151	Servering	50 000	50 000
		11403	Gaver ved representasjon	20 000	20 000
		11704	Reiseutgifter –tilsette (ikkje oppg.pl)	20 000	20 000
			<b>Sum drift av rådet</b>	<b>90 000</b>	<b>90 000</b>

7503	Drift rådmanns-gruppa	11151	Servering	20 000	20 000
			<b>Sum drift rådmannsgruppa</b>	<b>20 000</b>	<b>20 000</b>

7511	IKT-faggruppe	11953	Medlemskontigent Breibandforum	9 000	7 000
		14900	IKT-faggruppe	10 000	5 000
			<b>Sum IKT</b>	<b>19 000</b>	<b>12 000</b>

7512	GIS-kordinator	10100	Løn faste stillingar		537 000
		10900	Arbeidsgjevaravgift		
		10990	Pensjonspremie – klp		
		11300	Telefonutgifter	12 000	10 000
		11403	Møteutgifter	5 000	5 000
		11500	Kurs og konferanser	33 000	33 000
		11953	Kontigentar og medlemsskap		
		12002	Data- og kommunikasjonsutstyr	25 000	
		12900	Husleige, tlf, PC, datatilgang, arkiv mv	52 000	59 000
		14500	Overføring til andre kommunar	530 000	
			<b>Sum GIS-kordinator</b>	<b>657 000</b>	<b>644 000</b>



Divspes	Namn divspes	Konto	Konto (T)	Budsjett 2009	Budsjett 2010
7558	Skule prosjektleiar	10100	Løn faste stillingar	733 000	718 000
		10900	Arbeidsgjevaravgift		
		10990	Pensjonspremie – klp		
		11002	Abonnementer		
		11003	Faglitteratur	2 000	2 000
		11300	Mobiltelefon, abb. og samtale, personsøker	3 000	3 000
		11403	Representasjon og møteutgifter	10 000	10 000
		11500	Kurs og konferansar	15 000	15 000
		11704	Reiseutgifter –tilsette (ikkje oppg.pl)	20 000	20 000
		12002	Datautstyr/ programvare		
		12900	Husleige, tlf, PC, datatilgang, arkiv mv	78 000	80 000
			<b>Sum prosjektleiar</b>	<b>861 000</b>	<b>848 000</b>

7559	Skule kompetanse	11500	Studietur	0	17 000
			<b>Sum kompetanse</b>	<b>0</b>	<b>17 000</b>

7560	Skuleeigar	11500	Entreprenørskapsmesse		100 000
		14900	Frie midlar	50 000	160 000
			<b>Sum skuleeigar</b>	<b>50 000</b>	<b>260 000</b>

7561	Skulenettverk	11500	Skuleleiarnettverk	0	30 000
		14500	Koordinering barn	10 000	10 000
		14500	Koordinering ungd/vgs	15 000	15 000
		14500	Regionkontakt	100 000	100 000
		14500	Fagnettverk barn	90 000	90 000
		14500	Fagnettverk ungd/ vgs	165 000	165 000
		14900	Frie midlar "Sats på skulen - snu Sogn"	155 000	125 000
			<b>Sum skulenettverk *</b>	<b>535 000</b>	<b>535 000</b>

\* eks. eigeninnsats i kommunane

7550	RUP	14900	Prosjektmidlar frie midlar(avsetjing til seinare fordeling)	360 000	310 000
			<b>Sum frie midlar</b>	<b>360 000</b>	<b>310 000</b>

7551	RUP	14900	Reiseliv	240 000	240 000
			<b>Sum reiseliv</b>	<b>240 000</b>	<b>240 000</b>

7551	RUP	14900	Rekrutterings- og profileringssamlingar	50 000	50 000
			<b>Sum reiseliv</b>	<b>50 000</b>	<b>50 000</b>

7556	RUP	14900	Njøs Næringsutvikling - forskingsstasjonen	200 000	200 000
			<b>Sum forskingsstasjon</b>	<b>200 000</b>	<b>200 000</b>

7563	RUP	14900	Leidang - Kystlei Sognefjord - hovudprosjekt	0	0
			<b>Sum Leidang</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

	RUP	14900	Interkommunalt friluftsråd - forprosjekt	0	150 000
			<b>Sum friluftsråd</b>	<b>0</b>	<b>150 000</b>

## FINANSIERINGSPLAN REGIONALE UTVIKLINGSPROSJEKT

	Prosjekt	Budsjett 2010	RUP 2010	Andre tilskot	Kontingent
7550	Frie prosjektmidlar	310 000	155 000		155 000
7551	Reiseliv	240 000	120 000		120 000
7555	Rekrutterings- og profileringsamlingar	50 000	25 000		25 000
7559	Skuleutvikling (ikkje regionleiar)	1 560 000	125 000	1 310 000	125 000
7556	Forskningsstasjon på Njøs	200 000	100 000		100 000
7563	Leidang - hovudprosjekt	0	0	0	0
	Friluftsråd - forprosjekt	150 000	25 000	100 000	25 000
	<b>Totale prosjektmidlar</b>	<b>2 510 000</b>	<b>550 000</b>	<b>1 410 000</b>	<b>550 000</b>

\* Sogn regionråd har målsetjing om minimum 50% ekstern finansiering av utviklingsprosjekt.  
Finansieringsplanen føreset vidareføring av partnerskap med fylkeskommunen om regional utvikling.

## Drift - ikkje fakturert saman med kontingent \*

	2009	2010	
GIS-løysing	265 000	275 000	Avtale med SFFK
Lisensar GIS	36 000	37 000	Avtale med SFFK
Komtek	145 000	148 000	Avtale med Norkart Geoservice
Kommunenett	1 520 000	1 547 000	Avtale med SFFK
<b>Totalt drift av fellesløysingar</b>	<b>1 966 000</b>	<b>2 002 000</b>	

\* Prisendringar som følgje av Årdal kommune si utmelding er ikkje lagt inn (Årdal er ikkje med på KomTek)  
GIS-løysing: Driftskostnader for 2009 kr 270 400 + 1,75% prisstigning. Lagt inn 1,75%% prisstigning for KomTek og Kommunenett. Utgifter til KomTek Offic, KomTek E skatt, GISLine og SSL-løysing kjem i tillegg.

		TOTALE INNTEKTER			
DIVSPES	Konto	Tekst	2009	2010	
	7501	17500	Kontingent refusjon frå kommunane	2 132 000	1 847 000
	7501	19500	Bruk av fond Kontingent	0	350 000
	7550	18300	Tilskot SFFK rup	550 000	550 000
	7561	18106	Kompetansemidlar skule	350 000	0
	7558	18106	Tilskot FMSF/dept.	661 000	875 000
	7561	18106	Tilskot Skule fagnettverk	0	435 000
	7561	19500	Bruk av fond Skule fagnettverk	85 000	0
	7561	19500	Bruk av fond Kontingent (til regionleiar skule og bhg)	100 000	100 000
	7563	18300	Tilskot Leidang	0	0
			Tilskot Friluftsråd	0	100 000
			<b>SUM inntekter</b>	<b>3 878 000</b>	<b>4 257 000</b>

Finansiering drift Sogn regionråd				
Kommune	Folketal 01.01.09	Fast del	Variabel del	Totalt å betale
Aurland	1 687	92 643	49 690	142 333
Balestrand	1 348	92 643	39 705	132 348
Leikanger	2 156	92 643	63 504	156 147
Luster	4 879	92 643	143 709	236 351
Lærdal	2 199	92 643	64 770	157 413
Vik	2 780	92 643	81 884	174 526
Sogndal	6 968	92 643	205 239	297 882
<b>Totalt</b>	<b>22 017</b>	<b>648 500</b>	<b>648 500</b>	<b>1 297 000</b>

Finansiering regionale utviklingsprosjekt				
Kommune	Folketal 01.01.09	Fast del	Variabel del	Totalt å betale
Aurland	1 687	39 286	21 071	60 357
Balestrand	1 348	39 286	16 837	56 123
Leikanger	2 156	39 286	26 929	66 215
Luster	4 879	39 286	60 940	100 226
Lærdal	2 199	39 286	27 466	66 752
Vik	2 780	39 286	34 723	74 009
Sogndal	6 968	39 286	87 033	126 318
<b>Totalt</b>	<b>22 017</b>	<b>275 000</b>	<b>275 000</b>	<b>550 000</b>

Samla kontingent Sogn regionråd 2010 *					
Kommune	Folketal 01.01.09	Fast del	Variabel del	Totalt å betale	Kontingent 2009
Aurland	1 687	131 929	70 761	202 690	198 840
Balestrand	1 348	131 929	56 542	188 470	186 070
Leikanger	2 156	131 929	90 433	222 362	217 569
Luster	4 879	131 929	204 649	336 578	321 700
Lærdal	2 199	131 929	92 237	224 165	217 182
Vik	2 780	131 929	116 607	248 535	241 947
Sogndal	6 968	131 929	292 272	424 200	400 214
<b>Totalt</b>	<b>22 017</b>	<b>923 500</b>	<b>923 500</b>	<b>1 847 000</b>	

\* Samla kontingent omfattar ikkje utgifter til kommunenett, GIS-løysing, GIS-lisensar/program mv

---

Saksh.: Arthur Langeland  
Arkivsak: 09/3227

---

Arkiv:

**Saksnr.:** Utval  
25/09 Sogn regionråd

**Møtedato**  
04.12.2009

**Sak** 25/09

### **Møteplan 2010**

#### **Tilråding:**

Møteplan for 2010 vert vedteke slik den ligg føre.

#### **Vedlegg:**

**Møteplan for regionrådet og rådmannsgruppa**

**Møteplan med aktivitetsoversyn**

#### **Saksutgreiing:**

Møteplanen er om lag sett opp som tidlegare år med 6 møte fordelt med på 3 på våren og tre på hausten. I februar er det lagt inn to-dagars møte jf ønskje om eit seminar for drøfting av rådet si rolle og funksjon.

Det er som eige vedlegg laga eit aktivitetsoversyn knytt til møteplanen for at ein skal kunne planleggja deltaking på viktige møte og seminar knytt til regionrådsaktiviteten.

## Møteplan Sogn regionråd 2010

Utkast pr 23.11.09

Dato	Møtestad	SR=rådet RG= rådmannsgruppa
Januar		
Februar	Aurland	04.02 RG 12.02 kl 10 -12 SR Intern samling SR 12.02 frå kl 12 til 13.02 kl 15
Mars		
April	Lærdal	09.04 RG 16.04 SR
Mai		
Juni	Leikanger	04.06 RG 11.06 SR
Juli		
August		27.08 RG
September	Balestrand	03.09 SR
Oktober	Sogndal	15.10 RG 22.10 SR
November		26.11 RG
Desember	Luster	03.12 SR

## Møteplan med aktivitetar for Sogn regionråd 2010

Utkast pr 23.11.09

Dato	Møtestad	Tema
Januar		
Februar	Aurland	04.02 RG 12.02 kl 10 -12 SR Intern samling 12-13.02 Start lunsj 12. og avslutter 13. kl 1500  9-10. KS strategikonferanse
Mars		Næringsdag Sogndal 4 eller 11 mars  Entreprenørskapsmesse - Sats på skulen, Aurland ?
April	Lærdal	09.04 RG  16.04 SR Botsforkonferanse for Sogndal intern infrastruktur – vegløysingar  Entreprenørskapsmesse - Sats på skulen, Aurland ?
Mai		Regionsenterkonferanse Sogndal nå eller til hausten jf næringskonferansen Vert halde som formannskapskonferanse  Kommunedagene KS 3-5.mai landsnivå, truleg modellar for skulesamarbeid/sats på skulen et hovudtema
Juni	Leikanger	04.06 RG 11.06 SR
Juli		Ingen aktivitet
August		27.08 RG
September	Balestrand	03.09 SR
Oktober	Sogndal	15.10 RG 22.10 SR Generalforsamling SIMAS Næringsseminar Aurland /Aurland kommune – 27- 28.10
November		26.11 RG
Desember	Luster	03.12 SR

---

Saksh.: Arthur Langeland  
Arkivsak: 09/839

---

Arkiv: 065

<b>Saksnr.:</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
8/09	Sogn regionråd	24.04.2009
12/09	Sogn regionråd	12.06.2009
18/09	Sogn regionråd	04.09.2009
20/09	Sogn regionråd	23.10.2009
26/09	Sogn regionråd	04.12.2009

**Sak** 26/09

### **Orienteringssaker 04.12.2009**

#### **Tilråding:**

#### **Orienteringar og drøftingar**

1. Orientering frå helsegruppa, reiselivsgruppa, samferdselgruppa og RUP-gruppa  
Spesielt om: Møte helsegruppa 17.11/Sanden  
Reiseliv, båtrote på Fjærlandsfjorden/Målsnes  
Vegsamband Stavanger/Bergen – Trondheim/ Urnes – Sanden  
Flyrutetilbodet/Aarvoll  
Sogn Jord- og Hagebrukskule/Ellingsen
2. Orientering frå rådmannsgruppa  
Spesielt om: Vidareføring prosjekt Interkommunalt friluftsråd  
Interkommunalt byggjetilsyn
3. Orientering frå rådet sin administrasjon
4. Ordførarane orienterar om aktuelle saker i eigen kommune

#### **Skriv og meldingar**